

# Notat

Dato: 04.04.2022  
Ref: 2022/899 - 12328/2022 / 130

## **INNSPEL TIL NORGESMODELLEN**

Stord kommune ønskjer å gje innspel til ny Norges-modell.

I Stord kommune har me sidan 2019 hatt Stordmodellen. Stordmodellen er eit sett med 11 seriøsitetskrav som tok utgangspunkt i blant anna Telemarksmodellen. Stord kommune gjennomførte nyleg bransjemøte der evaluering av Stordmodellen, seriøst arbeidsliv og innføring av klima- og miljøkrav i kommunen sine anskaffingar var tema. Til samlinga var prosjektleiarar i kommunen, entreprenørar i bygg og anlegg, politikarar og administrativ leiing invitert. Med bakgrunn i tilbakemeldingar frå aktørane som var samla, vil Stord kommune avvente justering av Stordmodellen til ny Norgesmodell er klar. Vedlagt finn de Stordmodellen slik den ligg føre i dag.

Aktørane peikar på at innføringa og etterlevinga av Stordmodellen har fungert bra i prosjekta til kommunen. Både kommunen sine prosjektleiarar, og næringa sine representantar, trekk fram nokre sentrale punkt som bør justerast.

Stord kommune ønskjer å erstatte Stordmodellen med ny Norgesmodell når den er klar. Difor ønskjer kommunen at Norgesmodellen skal i stor grad vera dekkjande for krava i Stordmodellen i dag, med justering av kulepunkt 5 og 7.

Kulepunkt 5 seier at «*Minimum sju prosent av arbeidande timer i bygg- og anleggsfaga i alle ledd av kontrakten skal utførast av lærlingar. Det kan gjevast unntak i fag der det er uråd å tilsetja lærlingar eller mindre bedrifter og enkeltmannsføretak.*»

Gruppene ser behov for å justere kulepunkt 5 til å gjelde sju prosent av arbeidde timer i verksemda totalt.

Kulepunkt 7 seier at «*Kontraktkjeda skal vera avgrensa til to ledd der hovedleverandør er første ledd og eventuelt bemanningsselskap er rekna som eit ledd. Dersom det er særlege grunnar til det, kan byggherre tillata tre ledd som maksimum.*»

Gruppene ser behov for å justere kulepunkt 7 til at kontraktkjeda skal vera avgrensa til tre ledd, der hovedleverandør er første ledd. Byggherre kan då tillate fire ledd som maksimum ved særlege grunnar.

Med helsing

Jon Eirik Kvalnes  
HMT-leiar

